



Notat

Dato: 04.01.2018
Arkivsak: 2016/2550-27
Saksbehandlar: inggase

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Kulturrådet si vurdering av musea i 2016

Kvar år leverer Kulturrådet inn statusrapport til Kulturdepartementet om musea i det nasjonale museumsnettverket. Dei konsoliderte musea i Hordaland er ein del av dette nettverket. Dette er den andre gongen Kulturrådet sine faglege vurderingar av musea vert offentleg tilgjengeleg. Det har vore stor interesse for materialet, både frå musea og frå ulike avgjerdstakarar.

Resultatet viser mellom anna korleis musea har nådd måla som er forankra i:

- føringar i Kulturdepartementet sitt tilskotsbrev
- generelle føringar gjennom styringsdokumenter og -signaler, og
- faglige forventingar til ein profesjonelt driv eit museum

Nytt søknadsskjema, der musea sjølv formulerte måla for 2016, har ført til endringar i Kulturrådet sitt vurderingsgrunnlag. Kulturrådet sine vurderingar er no i større grad avhengig av kva hovudstrategiar musea sjølv legg til grunn, utan at alle museumsfaglege hovudområder nødvendigvis vert omtalt i rapporteringa.

Presentasjon av kvart enkelt museum består av to delar; ein tekstromtale og eit faktaark med nøkkellopplysningane. Rapporten avspeglar at musea vurderer forholdet mellom dei tre hovudområda formidling, forvalting og forsking ulikt. Dei fleste museum er gode på samlingsforvalting, men har store utfordringar med bygningsvern, digitalisering og store samlingar i forhold til tilgjengelege ressursar. Musea hadde i 2016 om lag 6% auke i besøkstal frå 2015, men målgruppearbeid, og musea si samfunnsrolle er i liten grad skildra, heller ikkje nettbaseret formidling. Over halvparten av musea nemner forsking som eit sentralt mål i 2016, men manglar målbare resultat.

Fylkesrådmannen har teke utdrag av rapporten som gjeld musea i Hordaland inkludert Nynorsk kultursentrums som eig Haugesenteret i Ulvik, jf. vedlegg. For meir informasjon om heile rapporten sjå:

<http://www.kulturradet.no/documents/10157/99b044b0-41eb-4ae3-b658-e7bce57eb664#page8>